



Vestre Slidre
kommune

Heilskapleg plan for psykisk helse gjennom livet

2025-2028

Innhald

1	Innleiing	1
1.1	Bakgrunn	1
1.2	Målsetting	1
1.3	Prosess.....	1
2	Lovverk og overordna føringar	2
2.1	Lovverk	2
2.2	Føringar	2
2.2.1	Nasjonale føringar.....	2
2.2.2	Regionale føringar	2
2.2.3	Kommunale føringar	2
3	Kunnskapsgrunnlag.....	3
3.1	Målgruppa.....	3
3.2	Status og utviklingstrekk.....	3
3.3	Tverrfagleg samhandling	6
3.4	Psykisk helse som eit samfunnsansvar.....	7
4	Mål.....	7
5	Strategi og tiltak.....	9
6	Vegen vidare	12
6.1	Implementering og forankring.....	12
6.2	Evaluering og måloppnåing	13
	Kjelder.....	13



1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Kommunestyret vedtok planstrategi for perioden 2024-2028 i KS-047/24. Vedtaket vart fatta 20.juni 2024. I vedtaket ligg det og at det skal bli oppnemnt kommunestyrekomitear.

Heilskapleg plan for psykisk helse gjennom livet er ein av planane som inngår i planstrategien og som har oppnemnt tilhøyrande kommunestyrekomité (vedtak i KS-075/24).

1.2 Målsetting

Gjennom mandatet er det lagt føringar for kva man ynskjer å oppnå med å utarbeide ein heilskapleg plan for psykisk helse gjennom livet. Følgande mål er ført opp i mandatet:

- Gje eit bilete av dagens situasjon for barn, unge, vaksne og eldre i kommunen
- Setje mål og retning for arbeidet med god psykisk helse for innbyggjarane i kommunen
- Sørge for gode nok rammevilkår for tverrfagleg samhandling til det beste for innbyggjarane i kommunen
- Vera ein plan for alle aldersgrupper uansett alder og livssituasjon
- Vera eit konkret og tydeleg dokument som visar at arbeidet med psykisk helse er eit felles ansvar for alle tenestene i helse og oppvekst

1.3 Prosess

Kommunestyret oppnemnte kommunestyre komitéar i KS-075/24. For heilskapleg plan for psykisk helse gjennom livet vart følgande komité oppnemnt:

- Marit Olvik SP – Leiar
- Gro Berge BL – nestleiar
- Einar Lome SP
- Kristine Tande SP
- Trine Vistemyren SP

Administrasjonen er sekretariat for komitéen.

Det ble sett opp fire møter i komitéen i løpet av vinter/våren 2025 og eitt møte etter høyringsfristen i mai 2025. Planen leggst fram for kommunestyret i juni 2025. Når planen er vedtatt, blir det sendt ut eit evalueringsskjema via forms til medlemne i kommunestyrekomiteen med spørsmål som omhandlar prosessen og involvering.

2 Lovverk og overordna føringar

2.1 Lovverk

Følgande lover er av betydning for planen:

- Lov om helse og omsorgstenester
- Lov om Psykisk helsevern
- Lov om pasient og brukarrettigheiter
- Lov om barnevern
- Lov om grunnskuleopplæringa og vidaregåande opplæring
- Lov om barnehagar
- FNs barnekonvensjon

2.2 Føringar

2.2.1 Nasjonale føringar

- Meld. St. 23: opptrappingsplan psykisk helse 2022-2033
- Meld. St. 19: Folkehelsemeldingen 2023-2024
- Meld. St. 24: bu trygt heime
- Meld. St. 6 (2019-2022): Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skole og SFO

2.2.2 Regionale føringar

Følgande planar gjeld for Valdres:

- Regional plan mot vold i nære relasjonar 2022-2025 (inkludert vedlegg)
- Regional selvmordsforebyggende plan

2.2.3 Kommunale føringar

Følgande kommunale planar gjev føringar for den heilskaplege planen for psykisk helse gjennom livet:

- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2017-2027
- Kommunedelplan helse og omsorg 2018-2030
- Kommunedelplan oppvekst 2018-2030
- Kommunal planstrategi 2024-2028
- Folkehelseoversikt 2024
- Strategisk plan for førebyggjande arbeid og tverrfagleg samhandling barn og unge 2023-2026

Utdrag frå kommunedelplanens samfunnsdel:

Overordna prioriteringar

1. Vestre Slidre skal være ein attraktiv stad å leve, bu og arbeide
2. Vestre Slidre skal fremje folkehelse og livskvalitet
3. Vestre Slidre skal styrke næringsverksemd knytt til lokal matproduksjon
4. Valdres skal være Noregs mest attraktive hytte- og turområde
5. Vestre Slidre skal fremje regionalt samarbeid

Målsettingar for helse og oppvekst

- Vestre Slidre skal fremje folkehelse og gje eit helse- og omsorgstilbod som gir alle eit sjølvstendig og verdig liv.
 - ✓ Slik vil vi ha det:
Helsefremjande og førebyggjande aktivitet er eit prioritert satsingsområde i heile kommunen. Dette reflekterast i ei positiv utvikling av dei sentrale folkehelseindikatorane. Helse- og omsorgstenestene er framsynte og byggjar opp rundt den enkelte innbyggjar.
- Barn og unge skal være trygge og settast i stand til å møte utfordringar.
 - ✓ Slik vil vi ha det:
Vestre Slidre har eit oppvekstmiljø som gir trygge, glade, sjølvstendige barn og unge. Barn og unge møter engasjerte vaksne som sikrar samhandling av god kvalitet mellom barn, unge og vaksne i alle aldrar.

3 Kunnskapsgrunnlag

3.1 Målgruppa

Innbyggjarane i Vestre Slidre kommune har ulike ressursar og behov. Planen skal famne alle innbyggjarane uansett alder, livssituasjon og behov.

3.2 Status og utviklingstrekk

Vestre Slidre kommune er ei kommune som ikkje er signifikant forskjellig frå landsnivået på dei fleste parameterane på folkehelseprofilen og på oppvekstprofilen. I denne planen er det valt ut relevante tal som har betydning for arbeidet med den psykiske helsa til befolkninga.

Befolkningsframskrivinga fram mot 2040 tilseier at tal på unge og innbyggjarar i yrkesaktiv alder truleg vil reduserast. Samstundes vil det bli fleire eldre (figur 1) (statistisk sentralbyrå, 2025). Kommunen har prosentueelt busett fleire flyktningar enn kommunar på landsgjennomsnittet (Folkehelseoversikt Vestre Slidre 2024-2027).



11668: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter alder og år. Hovedalternativet (MMMM), Vestre Slidre (-2019).




Kilde: Statistisk sentralbyrå

Figur 1: Befolkningsframskriving (unge, yrkesaktiv alder og eldre) for Vestre Slidre kommune

Andelen som bur i hushald med vedvarande låg inntekt, er lågare enn landsnivået. Tala er for perioden 2021-2023 og vi veit difor ikkje korleis busettinga av ukrainske flyktingar vil slå ut etter kvart. Låg inntekt fører m.a. til lågare deltaking på fritidsaktivitetar og aukar sannsyn for dårleg sjølvopplevd helse, sjukdom og for tidleg død (Folkehelseoversikt Vestre Slidre 2024-2027).

Andel personar mellom 15 og 29 som ikkje er i arbeid, under utdanning eller i opplæring, er også lågare enn på landsgjennomsnittet (figur 2) (helsedirektoratet 2025).



Sist oppdatert 27.02.2025

Figur 2: Unge utanfor arbeid, utdanning og opplæring i alderen 15-29 år

Vestre Slidre kommune har i fleire år lege høgt når det gjeld legekontakt for psykiske plager og lidingar. Særleg før coronapandemien låg kommunen over gjennomsnittet for både Innlandet og heile landet, men det har vore ei positiv utvikling dei siste åra. Aldersgruppene 25-44 og 45-74 ligg framleis over landsgjennomsnittet. Trenden er nedgåande for aldersgruppa 15-24 og ligg nå under landsgjennomsnittet (folkehelseoversikt Vestre Slidre 2024-2027). Ungdomar i Vestre Slidre som opplever press og manglande meistring i kvardagen ligg på same linje som ungdomar på nasjonalt nivå. Om lag 40% av ungdomane i Vestre Slidre opplever press om å gjere det bra på skulen og om sjå bra ut eller om å ha ein fin kropp. 12% av elevane oppgjer å ha hatt psykiske plagar den siste veka. Det er ein stor overvekt av jenter som opplev slike plagar. 20% av elevane opplev manglande meistring. Her har det vore en sakte, men gradvis forverring i perioden 2021-2025 (ungdata 2020, 2021 og 2025). Samstundes trivst dei fleste ungdomane på skulen og skulen kan vise til låge mobbetal (ungdata 2025, utdanningsdirektoratet).

I 2020 utgjorde sjølv mord 1,6 % av alle registrerte dødsårsaker i Noreg. Dette tilsvarar 12,1 tilfelle per 100 000 innbyggjarar i Noreg. I Innlandet var raten på 14. Sjølv mord i dødsårsaksstatistikken (Sjølv mord i dødsårsaksstatistikken, 2021). Tala for Valdres har lege noko høgare enn Innlandet som heilskap dei siste åra. Valdres har òg hatt ein høgare del menn og eldre som tek livet sitt samanlikna med resten av landet (regional selvmordsforebyggende plan Valdres).

3.3 Tverrfagleg samhandling

Tverrfagleg samhandling er avgjerande for å sikre heilskaplege og effektive tenester. Ved å kome tidleg inn med rett støtte kan vi førebyggje alvorlege utfordringar og leggje til rette for betre livskvalitet. Koordinert hjelp som involverer ulike faggrupper og sektorar, sikrar ei saumlaus oppfølging der informasjon blir delt, ansvar fordelt, og tiltak tilpassa individuelt. Ei heilskapleg og systematisk tilnærming styrkjer brukarmedverknad, effektiviserer ressursbruk og skaper betre resultat for den einskilde og samfunnet som heilskap.

Figur 1 visar dei viktigaste tenestene som danner laget kring den enkelte brukaren. Korleis tenester som involverast, avgjerast individuelt frå sak til sak.




Fig. 1: Tenestetilbodet i Vestre Slidre kommune

Kommunen har faste tverrfaglege samhandlingsarenaer mellom ulike tenester. Desse blir brukt til å diskutere både individsakar, samarbeid og utfordringar på

systemnivå. Eksempel på slike samhandlingsarenaer er ressursteam i barnehagane og på skula og samhandlingsmøter mellom psykisk helse og individuelt tilrettelagte tenester.

3.4 Psykisk helse som eit samfunnsansvar

God psykisk helse handlar ikkje berre om individet, men også om dei omgjevnadane folk bur i. Det er difor viktig at heile samfunnet tek ansvar for å fremje god psykisk helse for alle innbyggjarar. Vi er avhengige av at offentlege instansar, arbeidsplassar, frivillige og privatpersonar bidreg til eit inkluderande og trygt samfunn. Følgande visjon skal difor vere førande for målsettingane i planen:

Vestre Slidre skal skape eit samfunn der psykisk helse vert ivaretatt frå barndom til alderdom. Gjennom openheit, inkludering og meistring skal vi byggje eit fellesskap der kvar enkelt person kjenner seg trygg, verdsett og inkludert, uansett livsfase.

4 Mål

Den nasjonale opptrappingsplanen for psykisk helse (2023-2033) inneheld tre innsatsområde:

1. Helsefremmande og førebyggjande psykisk helsearbeid
2. Gode og tilgjengelege tenester der folk bur
3. Tilbod til personar med langvarige og samansette behov

Dei tre innsatsområdene rettar seg mot ulike målgrupper. **Innsatsområde 1** har heile befolkninga som målgruppe og skal forhindre at vanskar oppstår.

Innsatsområde 2 rettar seg mot enkelte grupper av befolkninga og har til hensikt å avgrense varigheit og omfang av eit problem. Det **tredje innsatsområdet** rettar seg mot personar med langvarig oppfølgingsbehov og har til hensikt å avgrense ei negativ utvikling.

Gjennom tidleg innsats og tiltak som når mange, skal ein prøve å oppnå at færrest mogleg har behov for omfattande og langvarig oppfølging. Dette kan synleggjerast i førebyggingspyramiden:




Fig.2: Førebyggingspyramide med innsatsområda frå opptappingsplanen

For Vestre Slidre har vi utarbeidd mål under kvart innsatsområde. Måla er tilpassa lokale forhold og utfordringar og gjeld for planperioden 2025-2028:

Innsatsområde 1: Helsefremmande og førebyggjande psykisk helsearbeid

- ✓ Alle barn og unge skal ha tilgang til trygge og gode vaksne til en kvar tid. Dette betyr at vaksne skal være synlege, tilgjengelege, ha eigenskapar til å skape gode relasjonar og tar barn og unge på alvor.
- ✓ Kommunen skal ha inkluderande sosiale møtearenaer for menneske i alle aldrar, med aktivitetar tilpassa ulike livsfasar, for å styrke sosial tilhøyring og motverke einsemd.
- ✓ Kommunale tenester skal samarbeide med kulturliv og idrett for å sikre at alle barn og unge har tilbod om ein trygg og inkluderande arena for alle, der dei kan oppleve meistring, uavhengig av fysiske, psykiske og sosioøkonomiske forutsetningar.

Innsatsområde 2: Gode og tilgjengelege tenester der folk bur

- ✓ Kommunen skal jobbe for at det interkommunale psykiske helsetilbodet skal styrkast, også på kveld, natt og helg. Målet er at kvar enkelt skal få hjelp frå riktig/relevant fagkompetanse.
- ✓ Kommunen skal fortsette å byggje eit godt psykisk helsetilbod med brei kompetanse for å sørge for at alle får ein individuell tilpassa oppfølging. Kommunen skal jobbe for at dette tilbodet er godt kjent for alle innbyggjarar i Vestre Slidre og at det skal vera låg terskel for å få hjelp.

Innsatsområde 3: Tilbod til personar med langvarige og samansette behov

- ✓ Kommunen skal fortsette å utvikle tverrfagleg samhandling for å sikre heilskapleg og koordinert hjelp tilpassa kvar enkelt og lett tilgjengelege tenester. Det skal sikrast samhandling med relevant fagkompetanse frå kommunen og evt. spesialisthelseteneste for dei aktuelle behova.

5 Strategi og tiltak

For å synleggjere nivå på tiltaka, blir det nytta dei same fargekodane i tabellen som i førebyggingspyramiden.

Mål	Tiltak	Aktivitet
Alle barn og unge skal ha tilgang til trygge og gode vaksne til en kvar tid. Dette betyr at vaksne skal være synlege, tilgjengelege og ha eigenskapar til å skape gode relasjonar og ta barn og unge på alvor.	- Kompetanseheving blant tilsette i barnehagar og skulen - Kompetanse-utnytting på tvers av tenestene	- Opplæring av tilsette i barnehagar og skulen i element frå foreldreveiledningsprogrammet <i>tuning into kids/tuning into teens</i> - Kurs og andre aktivitetar etter behov
	Støtte/retteleing til foreldre	- Fortsette med foreldreskule - Vurdere å etablere foreldreveiledningsprogrammet <i>COS-P</i> som tiltak for alle foreldre i samband med foreldreskule og andre eksisterande treffpunkt - Vidareføre satsing i barnehagen: trygge og gode vaksne - Gjere tenestene som jobbar med barn og unge kjent for foreldra - eleva og foreldre i 5. klasse lærer om psykologisk førstehjelp
	Fortsette å ha tilsette frå helse tilgjengeleg på skula og i barnehagar	- Helsesjukepleiar eller barne- og ungdomslos er på skulen kvar dag - Helsesjukepleiar er i barnehagane minst 4 gonger per år
	Bruke idrettsrådet som ein arena for å drøfte problemstillingar, utfordringar og evt. tiltak for å sørge for inkludering av alle	Kommunal representant deltek i møter med idrettsrådet 1x per året

	Fortsette å ha fokus på <i>tidlig inn</i> (tidleg identifisering av utfordringar og tidleg hjelp)	- Gjere rutiner for håndtering av bekymring kjent for alle tilsette - Nytta ressursteam aktivt til å identifisere barn og unge som treng hjelp og til å iverksette naudsynte tiltak
Kommunen skal ha inkluderande sosiale møtearenaer for menneske i alle aldrar, med aktivitetar tilpassa ulike livsfasar, for å styrke sosial tilhøyring og motverke einsemd.	Fullføre kartlegging over eksisterande tiltak i regi av kommunen, lag og organisasjonar og frivillige	Nytte lokalkunnskap og foreningsportal til å fullføre kartlegginga
	Gjere aktivitetstilbodet synleg for hele befolkninga	- Fullføre arbeidet med foreningsportal - Informere befolkninga om foreningsportal - Gjere bibliotek, servicetorg og tildelingskontor kjent som plassar der befolkninga kan få informasjon om aktivitetar - Førebyggjande heimebesøk for eldre over 75/80 år
	Vurdere å vidareutvikle eksisterande og etablere nye tilbod viss det manglar aktivitet for visse målgrupper, t.d. unge menn	- Samarbeide med frivillige, lag, foreiningar og andre kommunar om aktivitetstilbodet - Kommunale tenester vurderer eigne gruppetilbod og vidareutvikler desse ved behov, t.d. kafebuss og dagsenter - Utgjeie moglegheit for å etablere ei plattform som kan nyttast til å leggje ut tilbod om og behov for hjelp til skyss og andre gjeremål
	Tilbod om kompetanseheving innan psykisk helse for bedriftsleiarar	Frukostmøte med bedriftsleiarar
Kommunale tenester skal samarbeide med kulturskule og idrett for å sikre at alle barn og unge har tilbod om ein trygg og inkluderande arena for alle, der dei kan oppleve meistring, uavhengig av fysiske, psykiske og sosioøkonomiske forutsetningar.	Legge til rette for aktivitetar for låginntektsfamiliar	- Samarbeid mellom lag/foreiningar og kommunen i samband med fritidskassa - BUA - Utgjeie moglegheit for å etablere ei plattform som kan nyttast til å leggje ut tilbod om og behov for hjelp til skyss - Samarbeid mellom lag/foreiningar og kommunen i samband med deltaking i programmet frå Antidoping Norge

Mål	Tiltak	Aktivitet
Kommunen skal jobbe for at det interkommunale psykiske helsetilbodet skal styrkast, også på kveld, natt og helg. Målet er at kvar enkelt skal få hjelp frå riktig/relevant fagkompetanse.	Sikre tilgjengeleg kompetanse til å vurdere sjølvmoordsfare	Gjennomføre tiltak frå selvmordsforebyggende plan, m.a. Vivat-opplæring
	Gjennomgå og utarbeide rutinar for oppfølging av pårørande etter dødsfall i familien	- Gjennomgå rutinar for kriseteam - Sikre fastlegen og legekantor sin rolle i ivaretakingen av etterlatte
	Interkommunal behovsvurdering for psykiske helsetenester utanom opningstid	- Meldast inn i leiargruppa for helse og omsorg - Vurdere rolla til digitale hjelpelinjer som eit supplement til det lokale tilbodet
Kommunen skal fortsette å byggje eit godt psykisk helsetilbod med brei kompetanse for å sørge for at alle får ein individuell tilpassa oppfølging. Kommunen skal jobbe for at dette tilbodet er godt kjent for alle innbyggjarar i Vestre Slidre og at det skal vera låg terskel for å få hjelp.	Gi eit tilbod ut frå brukars behov og føresetnad	- Sikre at fastlege har en sentral rolle i oppfølging og koordinering av psykiske helseutfordringar - Tilby oppfølging i psykisk helse sine lokalar, på skula og heimebesøk - Sikre god dialog mellom ulike tenester for å sikre saumlaus oppfølging - Tenester som oppfattar eit behov for vidare oppfølging av andre tenester, pliktar å melde dette vidare
	Sikre tilstrekkeleg kompetanse i psykisk helse	- Utarbeide kompetanseplan, med fokus på tverrfagleg samarbeid og utnytting av kompetanse på tvers - Gjennomføre kurs og opplæring etter behov - Rettleiing med kommunepsykolog - Samarbeid mellom heimeteneste, psykisk helse og individuelt tilrettelagte tenester, både på system- og individnivå
	Sikre brukarmedverknad og barnets stemme i alle ledd	- Fortsette å bruke NORSE som tilbagemeldingsverktøy - Gjennomføre brukarundersøking - Utarbeide rutinar for brukarmedverknad
	Vurdere kommunale og interkommunale gruppetilbod som ein del av det psykiske helsetilbodet	- Gjennomføre behovskartlegging, m.a. for veteranar - Iverksette gruppetilbod for aktuelle grupper
	Sørgje for at det psykiske helsetilbodet er godt kjent for befolkninga	- Oppdatert heimeside - Markering av verdensdag for psykisk helse

		• Representant frå psykisk helse i Bondens nettverk og storforeldremøter • Oppdatere infoskjerm på legekontoet med kommunale tenester
--	--	--

Mål	Tiltak	Aktivitet
Kommunen skal fortsette å utvikle tverrfagleg samhandling for å sikre heilskapleg og koordinert hjelp tilpassa kvar enkelt og lett tilgjengelege tenester. Det skal sikrast samhandling med relevant fagkompetanse frå kommunen og evt. spesialisthelseteneste for dei aktuelle behova.	Ferdigstille retningslinjer for tverrfagleg samhandling	• Fullføre arbeidet med rutinar og retningslinjer for koordinatorrolla og tverrfagleg møteleiing • Gjere rutinane kjent for alle tilsette i helse og oppvekst • Finne eit system for lagring og systematisering av dokumentar for tverrfagleg samhandling

6 Vegne vidare

6.1 Implementering og forankring

Planen er politisk forankra gjennom arbeidet i kommunestyrekomiteen. Forankring i kommunestyret og brukarorganisasjonar sikrast gjennom ei offentleg høyringsrunde. Planen sendast direkte til rådet for brukarmedverknad når den blir lagt ut på høyring.

Måla i planen har samanheng med kommunen sine overordna mål og mange av tiltaka og aktivitetar er allereie forankra i andre planar, t.d. i Strategisk plan for førebyggjande arbeid og tverrfagleg samhandling barn og unge 2023-2026.

Planen vil bli gjennomgått med leiarar i helse og oppvekst i høyringsfasen og forankrast i samarbeid med tenesteleiarane i dei enkelte tenestene. Det vil bli lagt særskilt vekt på at måla som tenestene legg inn i handlings- og økonomiplanane og som omhandlar psykisk helse, heng saman med måla i heilskapleg plan for psykisk helse gjennom livet.

6.2 Evaluering og måloppnåing

Administrasjonen har ansvar for at status på tiltak, aktiviteter og oppnåing av mål blir evaluert kvar vår. Følgande punkter skal evaluerast:

- ✓ Status på tiltak og aktiviteter: Kva har blitt gjennomført det siste året, kva står att?
- ✓ I kor stor grad er måla oppnådd?
- ✓ Behov for justering:
 - Trenger vi nye tiltak/aktiviteter for å oppnå måla i planperioden?
 - Må aktiviteter forkastast? I så fall kvifor og med kva for konsekvens?

Målsetting og tiltak evaluerast årleg i samband med utarbeiding av handlings- og økonomiplan. Rapporteringa skjer som ein del av årsmeldinga.

Kjelder

Folkehelseinstituttet (2021, 10. juni). Selvmord i dødsårsaksstatistikken.

<https://www.fhi.no/op/dodsarsaksregisteret/selvord-i-dodsarsaksstatistikken/>

Folkehelseoversikt Vestre Slidre. *Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar*

2024 <https://www.vestre-slidre.kommune.no/tenester/plan-bygg-og-eigedom/planar/kommuneplan-kommunedelplan/folkehelseoversikt/>

Helsedirektoratet (2025). *Folkehelseprofil 2025 Vestre Slidre*. Henta 25. april 2025 frå

https://folkehelseprofileksport.helsedirektoratet.no/Folkehelseprofiler/Kommune/2025/Bokmaal/3452_2025_Bokmaal.pdf

Helsedirektoratet (2025). *Oppvekstprofil 2025 Vestre Slidre*. Henta 25. april 2025 frå https://folkehelseprofileksport.helsedirektoratet.no/Oppvekstprofiler/Kommune/2025/Nynorsk/3452_2025_Nynorsk.pdf

Helsedirektoratet (2025). Vedvarende lavinntekt, etter innvandringskategori.

https://statistikk.fhi.no/nokkel/8kNzs8MeNNeJ5gk-p1j3dvzl1Gb79tcZ4_u5NMfhmEQ?GEO=0,34,3452&AAR=2015_2015,2016_2016,2017_2017,2018_2018,2019_2019,2020_2020,2021_2021,2022_2022,2023_2023,2024_2024,2025_2025&ALDER=0_120&INNVKAT=0&MAAL=ant_eu60&MEASURE_TYPE=RATE&DIAGRAM_TYPE=line

Meld. St. 23, 2022-2023. *Opptappingsplan for psykisk helse (2023-2033)*. Helse- og omsorgsdepartementet.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/0fb8e2f8f1ff4d40a522e3775a8b22bc/no/pdfs/stm202220230023000dddpdfs.pdf>

Regional selvmordsforebyggende plan Valdres

https://www.vang.kommune.no/_f/p1/i12f10a34-dfb0-4764-a94f-837ff7271f0a/selvmordsforebyggende-plan-valdres.pdf

Statistisk sentralbyrå (2025). *Nasjonale befolkningsframskrivninger*.

<https://www.ssb.no/statbank/table/11668>

Ungdatasenteret (2020). *Resultat frå Ungdata-undersøkinga i Vestre Slidre*

kommune 2020. Ungdomstrinnet. https://www.ungdata.no/wp-content/uploads/reports/Innlandet_Vestre%20Slidre_2020_Ungdomsskolen_Kommune.pdf

Ungdatasenteret (2021). *Resultat frå Ungdata-undersøkinga i Vestre Slidre*

kommune 2021. Ungdomstrinnet. https://www.ungdata.no/wp-content/uploads/reports/Innlandet_Vestre%20Slidre_2021_Ungdomsskole_Kommune.pdf

Ungdatasenteret (2024). *Resultat frå Ungdata-undersøkinga i Vestre Slidre*

kommune 2021. Ungdomstrinnet. https://www.ungdata.no/wp-content/uploads/reports_2024/Innlandet_Vestre_Slidre_2024_Ungdomsskule_Kommune.pdf

Utdanningsdirektoratet (u.å.). *Elevundersøkelsen*. Henta 25. april 2025 frå

<https://www.udir.no/tall-og-forskning/brukerundersokelser/elevundersokelsen/>

Adresse: Vestre Slidre kommune

Slidrevegen 16

2966 Slidre

Mail: post@vestre-slidre.kommune.no

Tlf.: 61 34 50 00



